

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval                          | Type | Dato       |
|--------|--------------------------------|------|------------|
| 028/15 | Plan- og kommunalteknisk utval | PS   | 18.03.2015 |

| Saksbehandlar      | ArkivsakID |
|--------------------|------------|
| Torbjørn Helgeland | 14/708     |

## 129/63 - Hamre - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av steinkai - søknad om dispensasjon

### Vedlegg:

F\_2425

"Det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til bygging av kai på 2,0 x 9,0 meter på gnr. 129 bnr. 63, Hamre, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

### Plan- og kommunalteknisk utval - 028/15

#### PL - behandling:

Øystein Borge, AP, gjorde slikt framlegg: "Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til bygging av kai på 2,0 x 9,0 meter på gnr. 129 bnr. 63, Hamre, jf. plan- og bygningslova § 19-2 vert ikkje innvilga. Saka vert å vurdera på nytt når Kommunedelplan for sjø og strandsona er behandla."

#### AVRØYSTING

##### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 2 røyster (1H,1FRP)

Øystein Borge sitt framlegg - 3 røyster (3AP)

#### PL - vedtak:

"Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til bygging av kai på 2,0 x 9,0 meter på gnr. 129 bnr. 63, Hamre, jf. plan- og bygningslova § 19-2 vert ikkje innvilga. Saka vert å vurdera på nytt når Kommunedelplan for sjø og strandsona er behandla."

#### Saksopplysningar:

Søklar/tiltakshavar: Ivar og Randi Birkeland, Haukelandsbrotet 140, 5113 Tertnes.

Søknad om dispensasjon motteke: 30.01.2014

### **Bakgrunn:**

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av kai/molo på gnr. 129 bnr. 63, Hamre.

Då naustet vart bygd vart utsprengt stein nytta til å laga kai utan søknad. Naustet vart godkjend bygd 18.06.2002 saksnr. 110/02. Kaien har etter fleire år vorte gravd ut av sjøen, og dei søker nå om dispensasjon til å oppføra kai på 2x9 meter i naturstein.

Tiltaket på land ligg i arealdelen i kommuneplanen i LNF-område og i 100-metersbelte langs sjø, og i sjø er område merka som Fleirbruksområde for friluftsliv, ferdsle, fiske og natur (FFFN).

Det er krav om dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, jf. § 19-2.

Saka er send til uttale til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, Kystverket vest og Fiskeridirektoratet region vest.

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum har i e-post av 27.11.2014 kome med uttale til saka og har ikkje merknader til søknaden, men minner om kulturminnelova.

### **Vurdering:**

Ein har ved oppslag i naturbase og artsdatabanken ikkje funne at det er registrerte prioriterte artar, trua eller nær trua artar, utvalde naturtypar eller trua eller nær trua naturtype på norsk raudliste for artar og naturtypar som rører ved omsøkt område, jf. [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Rådmannen kjenner ikkje til at det finst artar eller naturtypar i det omsøkte området som ikkje er fanga opp av dei nemnde registreringane. Det er difor ikkje påvist mogelege effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Sidan tiltaket berre i liten grad rører ved naturmangfaldet og det ikkje er påvist effektar av tiltaket på verdifull natur, legg rådmannen til grunn at dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ikkje treng vurderast nærare.

Grunngjeving for dispensasjonssøknaden er mellom anna at det er godkjend kai på nabotomta som er bygd. Føremålet med å byggja kai er å kunna nytta båt og fiskereiskap på trygg måte då her er langgrunt slik at ein ikkje kjem inn ved fjære sjø. Det vert elles synt til motteken dispensasjonssøknad.

Rådmannen legg til grunn at tiltaket gjeld ei frådelt tomt der det tidlegare har vore gjeve byggjeløyve til oppføring av naust. Rådmannen vurderer at strandsona på staden er delvis privatisert, då det mellom anna er ein eksisterande kai på naboeigedom inntil omsøkt kai. Det vert lagt vekt på at det er langgrunt og difor vanskeleg å nytta naustet, og ikkje mogeleg å koma inn til eigedomen utan ved flo sjø.

### **Konklusjon:**

Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at det kan gjevast dispensasjon til oppføring av kai på

maksimum 18 m<sup>2</sup> på gnr. 129, bnr. 63, Hamre.

Dato for saksutgreiing: 27.02.2015.